



Gullbryllup i Parga fredag 21. juli 2023

Kjære Bjørg og Hans!

Når Arne og eg fysisk ikkje kan være med på den store festen i Parga, så blir dette vår måte å få være med å feire dokke to, fantastiske Bjørg og Hans. I tankane er vi med dokke i dag. Eg har prøvd å huske litt tilbake på dei 50 åra som er gått sidan den fine sommardagen i 1973. Eg hugsar ikkje så mykje frå sjølve bryllupsfesten på hotellet, men dagen før og søndagen etter kan eg hugse litt frå.

Begynner med Julie, kjem ikkje utanom å nemne henne i dag. Året før i 1972, fekk Julie og Øistein ein gut som skulle heite Arve. Då han skulle døypast, ville dei gjerne ha Hans og Bjørg som fadder, men først måtte Julie vete om dei hadde tenkt å gifte seg. Det gjekk bra, først fadder på Arve, og no har dokke vært gift i 50 år.

Vi gledde oss stort til vi skulle reise i bryllup. Den gongen budde vi på Varden i Fyllingsdalen, Ingebjørn var 10 år og Marit var 6 år. Eg fekk det travelt med å sy ny kjole til Marit, og ho var nok fin då. Så måtte Arne sjekke ut om Gamle Svarten, den gamle folkevogna frå 1956, var heilt i orden. Den skulle jo køyre den lange vegen til Sande, noko som den hadde gjort så mange gonger før. Forresten den samme Gamle Svarten som Pål no har overtatt. Pål steller fint med den, og det er onkel Arne både glad og stolt over. Vi kom til Sande om kvelden den 20. juli. Der vart vi møtt med den store nyheita, at i dag hadde Norge fått ein kronprins. Stor stas det. Så, Haakon Magnus: Gratulerer med overstått 50 års dag!

På bryllupsdagen hadde brudeparet ein viktig ting som dei måtte gjennomføre. Dei måtte besøke bestefar Didrik på 95 år og ikkje kunne være med i bryllupet. Han var nok heilt sikkert glad for å få besøk av brudeparet, og han fann fort fram Eue de Vie flaska. Så då vart det ei skål for brudeparet før dei gikk i kirka. Det var nok høgtideleg. Bestefar var ein klok mann, og han måtte gje uttrykk for at han var litt betenkta over at Hans og Bjørg var litt i slekt, sjølv om det var langt ute. Dei gamle var opptatt av akkurat slike ting. Men det har i alle fall gått bra.

Så var vi i kirka, og dokke sa ja begge to. Det var høgtideleg det. Så var det bryllupsfest på hotellet i Svelgen. Det var god mat, sanger og taler slik som det brukar å være. Etterpå var det forskjellig underholdning med musikk og dans. Men det var ein morsom leik, som gjekk ut på at nokre av mannfolka skulle ta av seg sokkar og sko. Så skulle nokre av damene få bind for augene, og skulle ut frå å kjenne på føtene, finne ut kven sin mannfolkeføter dei hadde funne. Morsomt, og husker godt Julie som hadde funne ut at det var føtene til mannen til Aud, syster til Hans. Han heiter Leif og eg husker han som ein veldig lun og trivelig kar med mykje humor.

Ein ting til som eg var imponert over, var når Hans og Julie dansa Gammaldans. Dei var fabelaktig flinke til det.

Så var det dagen etter som var om søndagen. Då hadde vi ein kjekk dag på Sande. Det var mange folk der, og fint sommarvær. Det stod hesjer med tørrhøy ute på bøen. Mette og Inge, som den gang var nyforelsa, prøvde å gøyme seg bak hesjane. Så kah eg huske Helge, og som var mannen til Sigrid, syster til Hans. Han var ein lun og trivelig mann med mange gode replikkar og kommentarar og som gjorde at latteren sat laust hos oss andre. Til slutt må eg og ta med at Bjørg og Hans fleire gonger besøkte oss med seglbåten på hytta vår på Tysnes. Og iflg. Hytteboka har dei tilfeldigvis vore fleire gonger der på bryllupsdagen sin den 21. juli. Trur vi tok ein skål for dokke då og.

Rart å tenke på at den same båten som har lagt ved kaia vår på Tysnes, no fartar omkring i Middelhavet. Arne og eg gratulerer så mykje med gullbryllupsdagen, og lykke til med dei neste 10 åra. Då blir det *jernbryllup*.

diamant

Beste helsing frå Aslaug